



Olje- og energidepartementet
Postboks 8148
0033 Oslo

Dato: 20.04.2015
Vår ref.: 2015/1070-3
Saksbehandlar: jannor
Dykkar ref.:

Klage på vedtak om avslag på søknad frå Røyrvik Kraftver AS

Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune handsama i møte 18.02.2015 i sak PS 56/2015 klage på avslag på søknad frå Røyrvik Kraftverk AS om bygging av Røyrvik Kraftverk i Kvam herad og gjorde vedtak som synt i protokoll under.

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 18.02.2015

Terje Søviknes sette på vegner av Frp, Sp og KrF fram slikt forslag:

"Hordaland fylkeskommune har vurdert saka på nytt, og etter ei heilskapleg vurdering gjer Hordaland fylkeskommune om vedtaket av 28.08.2014.

Hordaland fylkeskommune konkluderer med at dei samla fordelane med utbygginga er større enn ulempene i høve naturmangfald, landskap og friluftsliv.

Hordaland fylkeskommune gjev Røyrvik Kraft AS løyve til å byggja Røyrvik kraftverk i tråd med søknad."

Røysting

Innstillinga vart vedteken med 10 røyster mot 5 røyster (Frp, Sp, KrF) for Søviknes sitt forslag.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka på nytt og kan etter ei heilskapleg vurdering ikkje sjå at det er framført nye og avgjerande opplysningar i klagen som gjev grunnlag for omgjerung av vedtaket.

Saka vert med dette send til Olje- og energidepartementet for klagehandsaming.

Saka vert med dette send Olje- og energidepartementet for vidare klagehandsaming.

Gudrun Mathisen
leiar

Jan Nordø
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Torgeir Røyrvik
Rune Dyrkolbotn
Noregs vassdrags- og energidirektorat
Bård Andreas Selstad Ottesen

Kopi til:
Torgeir Røyrvik
Rune Dyrkolbotn
Noregs vassdrags- og energidirektorat
Bård Andreas Selstad Ottesen